

Søknad om følgjekort for funksjonshemma (ledsagerbevis)

Søknaden sendast: post@valle.kommune.no

Ordninga skal gje auka tilgjenge til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel. Følgjekortet skal fungere som eit verkemiddel til å førebyggje isolasjon og dermed medverke til å gje auka livskvalitet. Ordninga omfattar personar som har ei funksjonshemming som vil vare minst 2-3 år. Nedre aldersgrense for søkjarar er 8 år. Før du fyller ut søknadsskjemaet bør du lese gjennom egne retningslinjer for tildeling av følgjekort. Passfoto skal leggjast ved søknaden.

| | | | |
|---|-------------|--------------------------|----------|
| Namn | | Personnummer (11 siffer) | |
| Adresse | | Postnummer | Poststad |
| Tlf. privat | Tlf. arbeid | Mobil | Epost |
| Type funksjonshemming: Rørslehemma Høyrselshemma Skult funksjonshemming (t.d. alvorleg psykiske lidningar, hjarte- og lungesjukdom, allergiar o.l.) Synshemming Tale- og kommunikasjonsvanskar Andre _____ | | | |
| Avhengig av teknisk hjelpemiddel: Type _____ | | | |
| Kort grunningjeving for søknaden (kva ved di funksjonshemming gjer at du treng følgjekort?) | | | |
| Eg gjev med dette velkomstsenteret fullmakt til å innhente opplysningar frå følgjande instansar (kontaktpersonar ved handsaming av søknad.) Pleie- og omsorg v/ _____ Sosialkontoret v/ _____ Legekontoret v/ _____ Andre skriv inn namn/instans her _____ Dersom du har anna dokumentasjon som stadfester behovet for følgjekort så legg det ved søknaden. | | | |

Stad: _____

Dato: _____

Underskrift _____

FØLGJEKORT FOR FUNKSJONSHEMMA

RETNINGSLINER

GJELDANDE FRÅ 01.01.2004

1. Formål

Ordninga med følgjekort skal vere eit verkemiddel for å førebyggje isolasjon og dermed medverke til auka livskvalitet for den funksjonshemma. Ordninga med følgjekort vil omfatte personar som har ei funksjonshemming som vil vare minst 2-3 år. Ordninga vert vedteken og administrert av bustadkommunen, men er gyldig for heile landet på dei stadene som aksepterer ordninga.

2. Funksjonshemming

Med funksjonshemming meiner ein at det er eit mishøve mellom individet sine føresetnader og krav frå miljøet og samfunnet si side til funksjon på område som er vesentlege for å etablere og halde ved lag eit sjølvstendig og sosialt tilvere.

3. Følgje

Følgje er den som til ei kvar tid er med den funksjonshemma for at denne skal kunna oppnå målet med ordninga.

4. Følgjekort

Eit følgjekort er eit dokument i form av eit kort som vert skrive ut til den funksjonshemma. Følgjekortet skal gje den funksjonshemma sitt følgje fritt tilgjenge til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel som den funksjonshemma ikkje kunne ha delteke i eller nytta utan følgje. Følgjekortet vert skrive ut gratis av den kommunen søkjaren bur i, og nedre aldersgrense for søkjarar er normalt 8 år.

5. Søknad

Den funksjonshemma søker heimstadkommunen på fastsett skjema om følgjekort. Søknaden skal innehalda passfoto. Ved behov kan ein innhente utsegn frå primærlege, legespesialist, offentlig helseinstitusjon eller kommunen sin helse- og sosialetat om at søkjaren treng følgje.

6. Periode

Kommunen vurderer kor lenge kortet skal vare når det vert skrive ut, perioden kan vere tidsavgrensa eller varig. Det skal stå på kortet kor lenge det varer.

7. Bruksområde

Følgjekortet gjeld som tilgjenge til dei aktivitetar, bygningar, transportmiddel mm som aksepterer ordninga. Det offentlig fastsette symbolet bør setjast opp på stader som aksepterer ordninga. Ordninga er landsdekkjande og kan brukast over kommune- og fylkesgrensene.

8. Klage

Vedtak om å innvilge eller avslå søknad om følgjekort vert å sjå på som enkeltvedtak. Dette vedtaket kan med heimel i Forvaltningslova § 28, 2. ledd klagast inn til det kommunale klageorganet.